

## FORSKRIFT OM ANLØPSAVGIFT FOR STRANDA KOMMUNE FOR 2019

Vedteke i kommunestyret: 005/19 – 13 februar 2019



TRER I KRAFT:	13 februar 2019
GJELD FOR:	Stranda Kommune sitt sjøområde
HEIMEL:	LOV-2009-04-17-19-§ 25, FOR-2010-12-20-1762

---

Forskrifta er fasett av Stranda Kommune i sak 005/19 13 februar 2019 og har heimel i lov av 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann (havne- og farvannsloven) § 25 og forskrift 20. desember 2010 nr. 1762 om berekning og innkrevjing av anløpsavgift .

### 1. FORMÅL

Anløpsavgift skal dekke kostnader til utøving av offentlig mynde med heimel i havne- og farvannsloven med forskrifter og kostnader til tryggleik og framkome i Stranda kommune sitt sjøområde.

### 2. VERKEOMRÅDE MM.

- 2.1 Forskrifta gjeld alle fartøy som gjer anløp til offentlig eller privat hamn i sjøområdet til Stranda kommune, jf. Havne- og farvannsloven §25. Hamn er definert i havne- og farvannsloven § 4 andre ledd.
- 2.2 Stranda Hamnevesen KF kan krevje inn anløpsavgift og elles stå for handheving av forskrifta på vegne av Stranda kommune. Stranda kommune kan ved forskrift utpeike private hamneeigarar til å krevje inn anløpsavgift på vegner av kommunen. Slik forskrift vil innehalde reglar om eventuell godtgjersle til den private hamna for arbeid med innkrevjinga.
- 2.3 Unnateke frå plikt til å betale anløpsavgift er:
  - a) Fartøy med største lengde under 15 meter (ikkje målepliktige fartøy)
  - b) Bergings- og isbrytarfartøy i forbindelse med berging og isbryting
  - c) Norske og utanlandske orlogsfartøy
  - d) Kystverket sine fartøy i forbindelse med arbeid i farvatnet.
  - e) Fartøy som gjer anløp i hamn på grunn av skade eller naudstilstand, så lenge fartøyet ikkje lastar, lossar eller tek om bord passasjerar
  - f) Fartøy som tilhøyrer politi, brannvesen og Redningsselskapet
  - g) Andre fartøy som har oppdrag for Stranda Hamnevesen KF eller Stranda Kommune innan kommunen sitt sjøområde.

### 3. BEREKNINGSGRUNNLAG

- 3.1 Anløpsavgift vert rekna ut etter fartøyet sin bruttotonnasje (BT), slik det vert rekna ut etter den internasjonale konvensjonen om måling av fartøyer av 23. juni 1969. For fartøy som ikkje er målt eller har gyldig målebrev vert bruttotonnasje fastsett av Stranda kommune etter skjøn, til dømes basert på tilsvarande fartøy.

## Vedlegg 1: Lokal forskrift

- 3.2 Anløpsavgift vert kun ilagt ein gong per døgn per skip, sjølv om eit skip gjer fleire anløp innan same døgn. Eit døgn vert rekna som tida frå midnatt til midnatt innan same dato.
- 3.3 Fartøy som i hovudsak vert nytta til trafikkruiter innanfor avgiftsområdet vert ilagt ei fast anløpsavgift per år på:

Under 100 BT: kr 750,-                      Over 101 BT: kr 1250,-

### 4. ANLØPSAVGIFT

- 4.1 Med unntak av dei som er nemnt i punkt 2.3 skal alle fartøy betale anløpsavgift etter følgjande sats per døgn:

Bruttotonn	Intervall	Sats pr. tonn.
For dei første 20 000	0 – 20 000	Nok 0,07
For dei neste 30 000	20 001 – 50 000	Nok 0,06
For dei neste 40 000	50 001 – 90 000	Nok 0,06
For dei neste	90 001	Nok 0,04

Minsteavgift er kr 200,- per anløp.

Sjøfly betalar kr 500,- per landing

### 5. OPPLYSNINGSPLIKT

- 5.1 Skip som gjer anløp i hamn i sjøområdet pliktar å gje Stranda Hamnevesen KF naudsynte opplysningar for berekning og innkrevjing av anløpsavgift, inkludert målebrev og fakturaadresse til reiarlag og eventuell agent.

### 6. ANSVARFORHOLD

- 6.1 Reiar og agent svarar solidarisk for krav på anløpsavgift, jfr. havne- og farvannsloven § 25 fjerde ledd. Skuldig anløpsavgift er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. havne- og farvannsloven § 55 fyrste ledd. Ved forseinka betaling av avgift pliktar ein svare forseinkingsrente, jf. havne- og farvannsloven § 55 tredje ledd.
- 6.2 Krav som Stranda kommune har mot reiar er sikra med panterett i skipet etter reglar om sjøpanterett i lov 24. Juni 1994 nr. 39 om sjøfart (sjølova).
- 6.3 Det er klagerett for einskildvedtak fatta av Stranda kommune, jf. forvaltningslova § 2 fyrste ledd, bokstav b). Kystverkets hovudkontor er klageinstans, jf. havne- og farvannsloven § 12 og forskrift 18. desember 2009 nr. 1710.

---

Kontaktinformasjon:

**Stranda Hamnevesen KF**  
Øyna 13, 6201 Stranda  
Tel: + 47 46 41 11 13/ 31  
E-post: [rima@stranda.kommune.no](mailto:rima@stranda.kommune.no)  
[www.stranda-hamnevesen.no](http://www.stranda-hamnevesen.no)

Besøksadresse:  
Geirangervegen 2, 6216 Geiranger